



Nytt, svart teppe blir lagt gjennom sentrum – biletet vart teke ved nitida torsdag morgon, (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dette er store dagar for alle vegfarande – nå får riksvegen gjennom Uskedalen eit nytt, svart teppe!**

NCC, som har entreprisa, starta med strekinga frå Kvednavikjo og nesten fram til Korsnes og frå torsdag morgon var mannskapa i gang frå andre enden av den 3,7 kilometer lange biten – frå brua og gjennom sentrum.

Arbeidet går etter kva ein kan forstå heller smertefritt - med grei trafikkdirigering og små forseinkingar.

Før torsdag kveld vil nok det meste vera gjort og så kjem vel turen snart til det kommunale asfalteringsprogrammet, som også omfattar Halsabrotet.